

Deres ref.: 070/16

Vår ref.: ard015035

Bergen: 24.08.2016

## Merknad til 1. gongs offentleg ettersyn av reguleringsplan for Hosøyvegen småbåthamn, gbnr 11/135

Viser til kunngjøring av 1. gongs offentleg ettersyn av reguleringsplan for Hosøyvegen småbåthamn, gbnr 11/135 på Lindås kommune sine internettsidar.

I Plan- og miljøutvalet 8.juni 2016 (saksnr 070/16) ble reguleringsplan for Hosøyvegen småbåthamn 1. gongs handsama. I handsaminga vart det fatta vedtak om at planen kunne leggjast ut på offentleg ettersyn på følgjande vilkår:

- Høgdeplassering av område SPP og BBS vert auka til minimum kote + 1,8.
- Funna frå vindanalysen/lokalklimavurderinga må verte innarbeidd i illustrasjonsplanen.
- Føresegn § 3.3.4 vert endra frå: «Det skal vere ein eller fleire trinnfrie tilkomstlar frå SPP til BBS.» til: «Rørslehemma skal kunne bevege seg trinnfritt på og mellom SPP, BBS og flytebrygga.»

På bakgrunn at dette, gjorde plankonsulent endringar i planmateriale, for å imøtekomme vedtaket slik at planen kunne verta lagt ut på offentleg ettersyn. Endringane som vart gjort i planmaterialet var:

- På illustrasjonsplanen (og i snittet) vart det vist léveggjar rundt sittegruppa.
- Føresegna vart endra i høve til vedtak. Føresegn angående høgden vart lagt inn i § 2.1.9 og § 3.3.10.
- I planskildringa vart det tatt inn eit avsnitt (andre avsnitt) på side 22 angående vedtaket som ble gjort om høgder. Disse to setningane vart også tatt inn i ROS-analysen på side 29 (rad nr. 8).

Ein meiner at konsekvensane av endringane i føresegna § 2.1.9 og § 3.3.10 er særskild uheldige. Endringane i føresegna sikrar at småbåthamna (BBS og SPP) skal planerast på minimum kote + 1,80 m. Dagens veg forbi planområdet (Hosøyvegen) og framtidig avkøyrsløse til småbåthamna ligg omtrent på kote + 1,26 m. Det var i utgangspunktet planlagt at småbåthamna skulle ligga på omtrent same høgde, då dette er ein løysing som vil gje ein funksjonell tilkomst til området og ein best mogleg estetisk utforming av området. Ein ser fleire negative konsekvensar ved å leggja småbåthamna på kote + 1,80 m, mens dagens molo med veg (Hosøyvegen) fortsatt ligg på kote + 1,26 m. Småbåthamna bør ligga på om lag same høgde som Hosøyvegen av følgjande grunnar:

1. Ein småbåthamn som ruver 0,54 m over dagens veg (Hosøyvegen) og 1,80 m over dagens havnivå vil vere eit stort inngrep i landskapsbilete i området. Dette vil gje store negative konsekvensar for hytteeigarar og andre med utsyn til småbåthamna, då tiltaket ikkje vil sjå harmonisk ut. Det vil også by på utfordringar med køyretilkomst frå Hosøyvegen og opp på småbåthamna. Ein høgdeforskjell på over 0,5 m vil krevja ein relativt lang rampe (minimum 5 m) for at køyretøy skal koma seg fram på ein grei måte - særleg når det kan vere snakk om køyretøy med båttilhengjarar. Det er eit uttalt ynskje frå

Fylkesmannen i Hordaland som at utfyllinga i sjø ikkje vert meir omfattande enn naudsynt. Ein rampe vil krevje at meir areal vert utfylt i sjø.

2. Dersom havnivået stig til over kote + 1,26 m vil verken småbåthamna eller Hosøyyna ha tilkomst med veg, då Hosøyvegen òg vil liggja under havnivået. Ein kan ikkje sjå på småbåthamna utan å sjå på dagens situasjon i området. Ingen er tent med en parkeringsplass som ligg ute i fjorden utan vegtilknytting.

Ein vil påpeika at berekna havnivåstiging er opp til kote + 0,73 m i år 2100. Dette vil sei at Hosøyvegen (kote + 1,26 m) vil ligga om lag ein halvmeter over havnivået om 84 år (år 2100). Det er maks-grensa for 100 års stormflo i Lindås som vil råka området. I år 2050 relativt år 2000, vil ein 100 års stormflo (usikkerhet -8 til +14 cm) vere på 186 cm (178-200 cm), og i år 2100 relativt år 2000, vil ein 100 års stormflo (usikkerhet -20 til +35 cm) vere på 241 cm (221-276 cm). Det er altså snakk om avgrensa enkelthendingar som kan inntreffa i framtida, med midlertidig flaum på areala.

Ved eit vedvarande problem med flaum på Hosøyvegen, vil det verta naudsynt å heva vegen. Når dette skjer, vil det naturleg nok verta naudsynt å heva småbåthamna og.

Ein vil vidare påpeika at vår erfaring frå andre kommunar i Hordaland er at dei gongane sikring mot stormflo etc. er ein viktig problemstilling, er når det kan råka bustader eller faste installasjonar av verdi. I dette tilfellet er det snakk om ein parkeringsplass, kor bilar kan flyttast, og skur/bodar, som i seg sjølv ikkje er av særleg verdi.

Plankonsulent og tiltakshavar ynskjer på bakgrunn av desse argumenta å fjerna § 2.1.9 og § 3.3.10 til 2. gongs handsaming i planen. Det er mogleg å sikra at det ikkje vert tillate med langtidsparkering på småbåthamna, og at eventuelle bygg/bodar på småbåthamna blir bygga slik at ein eventuell stormflo/springflo ikkje vil skada bygningane.

Vidare har ein ynskje om å presentera eit notat som skal utdjupa lokalklimaanalysen til 2. gongs handsaming. Dette er fordi den gjeldande lokalklimarapporten ikkje er tydeleg nok på anbefalingar for småbåthamna. Blant anna meiner ein at léveggjar rundt sittegruppene ikkje er naudsynt. På bakgrunn av dette kan det vere aktuelt å fjerna léveggane på illustrasjonsplanen (og i snittet) til 2. gongs handsaming i planen.

Ard arealplan as



Anja Vik  
arealplanlegger  
Tlf: 55 31 95 00/ 454 48 769